

Møteinnkalling

Utvalg: **Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen**
Møtested: , E-post
Dato: 11.07.2013
Tidspunkt: 14:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 91161458. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
	(Ingen tittel)		
PS			2013/4466
PS			2013/4569
PS			2013/4512

Arkivsaksnr: 2013/4466-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 07.07.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		11.07.2013

Reinheimen nasjonalpark - dispensasjon - Ola Løkken - bruk av motorbåt på Torsvatnet

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta § 3, pkt. 6.3 g), samt Forvaltingsplan for Reinheimen s. 49 får Ola Løkken, Skjåk, dispensasjon for bruk av motorbåt på Torsvatnet.

Det blir sett slike vilkår:


- Løyvet gjeld i samband med utøving av fiske.
- Det skal ikkje nyttast motor med større motorkraft enn 10 HK.
- Løyvet gjeld for sesongen 2013.

Saksopplysningar

Ola Løkken, Skjåk, har i e-post dagsett 02.07.13 søkt om følgjande:

«Søker med dette om bruk av båt med motor på Torsvatnet i Skjåk kommune sesongen 2013. Formålet med bruk av motor er fiske.»

Kartutsnitt:



Vurdering

Det er søkt om dispensasjon for bruk av motorbåt i samband med fiske på Torsvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Søknaden må behandlast etter verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 g) som gjev at det kan gjevast løyve til: «*Bruk av båt med motor på Torsvatnet i samband med fiske og transport i samband med jakt.*»

I Forvaltingsplan for Reinheimen heiter det på s. 49:

«*Ved søknad om motorisert ferdsel med båt på Torsvatnet i samband med utøving av fiske og jakt (gjeld og transport av jegerar), skal det sejast vilkår om at motorstyrke ikkje er over 10 hk.*»

Søkjar har søkt om bruk motorbåt til eit allment akseptert føremål som gjeld utnytting av fiskeressursen i Torsvatnet. Søknaden har ikkje slike følgjer at det er relevant å vurdere den i.f.t miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Konklusjon

Det kan gjevast dispensasjon for bruk av motorbåt på Torsvatnet.

Arkivsaksnr: 2013/4569-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 09.07.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		11.07.2013

Reinheimen nasjonalpark - dispensasjon for bruk av motorbåt på Torsvatnet - Bjørn Helge Lunde

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta § 3, pkt. 6.3 g), samt Forvaltingsplan for Reinheimen s. 49 får Bjørn Helge Lunde, Otta, dispensasjon for bruk av motorbåt på Torsvatnet.

Det blir sett slike vilkår:


- Løyvet gjeld i samband med utøving av fiske.
- Det skal ikkje nyttast motor med større motorkraft enn 10 HK.
- Løyvet gjeld for sesongen 2013.

Saksopplysningar

Bjørn Helge Lunde, Otta, har i sms dagsett 08.07.13 søkt om følgjande:

«Søker om tillatelse til å bruke båt med motor, på Torsvatnet , i Skjåk, torsd. Fred og lørdag uke 30..»

Kartutsnitt:



Vurdering

Det er søkt om dispensasjon for bruk av motorbåt i samband med fiske på Torsvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Søknaden må behandlast etter verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 g) som gjev at det kan gjevast løyve til: «*Bruk av båt med motor på Torsvatnet i samband med fiske og transport i samband med jakt.*»

I Forvaltingsplan for Reinheimen heiter det på s. 49:

«*Ved søknad om motorisert ferdsel med båt på Torsvatnet i samband med utøving av fiske og jakt (gjeld og transport av jegerar), skal det sejust vilkår om at motorstyrke ikkje er over 10 hk.*»

Søkjar har søkt om bruk motorbåt til eit allment akseptert føremål som gjeld utnytting av fiskeressursen i Torsvatnet. Søknaden har ikkje slike følgjer at det er relevant å vurdere den i.f.t miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Konklusjon

Det kan gjevast dispensasjon for bruk av motorbåt på Torsvatnet.

Arkivsaksnr: 2013/4512-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 08.07.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		11.07.2013

Reinheimen nasjonalpark - Trollstigen landskapsvernområde - dispensasjon - Trollveggen Triathlon, 13. juli, 2013

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 5.2, jf. også pkt. 1.3 f) får Trollveggen Triathlon v. Richard Merlid dispensasjon for merking av løypetrasen og gjennomføring av idrettskonkurransen Trollveggen Triathlon den 13. juli 2013. Jf. også tilsvarende føresegner for Trollstigen landskapsvernområde § 3, pkt. 4.2 og 1.2 e) og 1.3 k).

Vilkår:

1. Trassen frå Trollstigrøra til Stabbeskaret kan merkast med samanhengande plastband lagt på bakken.
2. Merkeband skal fjernast seinast ein dag etter at arrangementet er gjennomført.
3. Alt avfall og søppel som oppstår i samband med arrangementet skal fjernast og fraktast ut av verneområda.
4. Nasjonalparkforvaltinga og arrangøren må ha ein tettare dialog med tanke på seinare års arrangement med fokus på merking, handtering av avfall og omsynet til landskapet og andre brukarar.

Saksopplysningar

Trollveggen Triathlon v. Richard Merlid har i e-post 08.07.13 søkt om følgjande:
«Viser til hyggelig telefonsamtale med Dem fredag 05.juli, vedrørende Trollveggen Triathlon arrangementet.»

På vegne av arrangøren, de frivillige og alle deltagerne søker vi herved om tillatelse til å løpe fra Trollstigenplatået til Stabbeskaret lørdag 13.juli.

På vegne av arrangøren beklager jeg at søknad ikke var sendt for denne aktiviteten. Dette var ukjent for oss. Vi har tidligere år vært i kontakt med departement og oppsyn i distriktet om tillatelse til konkurransen. Vi har også innhentet tillatelse fra politi, Statens Vegvesen, og Rauma kommune.

Vi vil for 2014 løpet sende inn en søknad langt tidligere.

Vi ber om lov til å løpe i fjellet og til å merke løypa med sperrebånd. Vi har benyttet denne metoden for merking tidligere. Dette for å ivareta helt nødvendig sikkerhet for utøvere.

Vi har 7 voksne personer som tar ned dette sperrebåndet umiddelbart etter målgang. Vi har i årene før aldri mottatt klage eller informasjon om at noe sperrebånd, osv er funnet i løypa.

Vi har avtale med samtlige utøvere om at kasting av søppel i løypa medfører automatisk diskvalifikasjon.

Årets løp ble fylt opp i fjor sommer. Det kommer 200 deltagere fra hele landet og flere europeisk land. Konkurransen er tidligere blitt kåret til et av verdens beste fjell triathlon.

Vi er en del av Norsk Fjellfestival.

Håper på et positivt svar og beklager på nytt at søknaden ikke tidligere er sendt.»

Vurdering

Det er søkt om dispensasjon for gjennomføring av idrettskonkurransen Trollveggen Triathlon (med merking av løypetrase) den 13.07.13. Søknaden må behandlet etter verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt . 5.2, om organisert ferdsel: «Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplanen.»

Relevant for søknaden er også § 3, pkt. 1.3 f) om at det kan gjevast løyve for «oppsetting av skilt og merking av stiar i medhald av forvaltningsplanen.»

Tilsvarende føresegner i verneforskrifta for Trollstigen landskapsvernområde § 3 pkt 1.2 e), 1.3 k) og 4.2.

I Forvaltningsplan for Reinheimen s. 42 heiter det:

«Organisert ferdsel er ferdsel der person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er tale om verksemd med grupper av deltakarar, ein aktivitet som blir gjenteke eller der aktiviteten er kunngjort på førehand. Utsetting av postar for turorientering, topptrim, trimpostar og liknande innafor nasjonalparken kjem også inn under organisert ferdsel.

Det er søknadsplikt for anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. ... I dag er ferdsla i området begrensa, slik at organisert ferdsel generelt ikkje er eit trugsmål for naturmiljøet. Organisert ferdsel som ikkje skadar naturmiljøet er

derfor ikkje søknadspliktig, men utviklinga må følgjast nøye slik at ferdsla ikkje blir til skade for verneformålet.»

Løpedelen av løypetraseen går frå Trollstigrøra til Stabbeskaret. Trollveggen Triathlon er eit høvesvis stort arrangement med nærare 200 deltakarar. Sjølv om konkurransen blir avvikla i løpet av ein dag, er det nytta ei høvesvis tung merking av løypetrasen over ein lengere periode på ca 2 veker. Merkinga blir gjort ved at det blir lagt ut eit samanhengande plastband i fleire kilometers lengde.

Kartutsnitt frå Forvaltingsplanen for Reinheimen:



Traseen er vist i Forvaltingsplan for Reinheimen som eit lokalt råk som kan merkast på tradisjonell måte. Merkinga som Trollveggen Triathlon nyttar er ikkje i tråd med gjeldande standardar eller tradisjonell varding av råk.

Vurdering – naturmangfaldlova §§ 8-12.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Med bakgrunn i verneplan for Reinheimen og opplysningar frå søkjaren har eine it tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for behandling av søknaden. Det kan for seinare søknader vera behov for å gjere synfaringar og ha møte med arrangøren for å oppdatere kunnskapen om arrangementet og følgjene for verneverdiane.

§9 og 10 Samla belastning og føre-var prinsippet.

Trollveggen Triathlon er eit stort arrangement i ein del av Reinheimen med høge besøkstal. Ein må derfor har fokus på mogleg avfallsproblem og terrengslitasje.

Omsynet til føre-vare prinsippet blir ivareteke gjennom søknadsplikta og høvet til å sette vilkår.

§ 11 - 12 Forsvarleg for miljøet / kostnader

Arrangøren tek ansvaret for fjerning av merkband og rydding av søppel.

Konklusjon

Trollveggen Triathlon bør få løyve til å gjennomføre arrangementet 13. juli 2013.

Vidare bør nasjonalparkforvaltinga og arrangøren ha ein tettare dialog om arrangementet for 2014 og seinare år. Viktige tema då vil vera merking, handtering av avfall m.m. og forholdet til landskapet og andre brukargrupper